



Referat frå 5-7 sitt elevrådsmøte, torsdag 14.09.23

Desse møtte: Ronja Slettemark og Andrina Skagestad Kleppe (5A), Runa Kvame og Emma Sofie Engeset Øybost (5B), Leander Halland Vonen og Matheo Hagenes Kvellestad (6A), Isabel Jensen Fauske og Thea Sofie Veiesund (6B), Nora Taule Leikanger og Frida Løddøen Hove (7A), Kristoffer Hylland Fitje og Live Thune Vaulen (7B), observatørar frå 3. trinn: Dani Meland Birkeland og Kristina Instebø Garforst, elevrådslærar Hilde S. Strandos.

SAKSLISTE

Berre 7. trinn hadde gjennomført klasseråd i forkant av elevråd. Vi gjennomførte difor eit kort møte der 7. trinn fekk presentere sine innspel. Vidare var vi samde om å ta opp att dei to sakene på sakslista på neste elevrådsmøte, onsdag 4. oktober. Elevrådet ber om at alle klassar gjennomfører klasseråd før neste møte. Dette er ein føresetnad for at elevrådet skal kunne arbeide vidare i saker og at representantane får representere heile klassen sine synspunkt i drøftingane vi gjer i elevråd.

Sak 1: Skulemiljø

7. trinn fekk presentere sine innspel. Dei vil bli referatført saman med resterande klassar sine innspel på neste elevrådsmøte.

Sak 2: Saker frå klassane

- 7A: Ynskjer å tygge tyggis på skulen (slik som ungdomstrinnet har lov til). Tidlegare erfaringar har synt at tyggis har ein tendens til å hamne på stadar enn det skal vere. Dersom dette skal vere aktuelt, må vi arbeide med det som ei eiga sak. Når det eventuelt vil bli gjort, blir bestemt etter gjennomføring av neste elevrådsmøte der alle klassar har kome med innspel til saker. Elevrådet gjer då ei prioritering av i kva rekkefølge sakene skal arbeidast med.
- 7A: Ynskjer fleire val i melkeordninga. Denne saka vart teke opp førre skuleår med fylgjande tilbakemelding den gong: *Det har tidlegare blitt bestemt at skulemjølkordninga ved Naustdal skule berre har tilbod om vanleg mjølk, men med laktosefritt alternativ. Denne avgjerda har også vore innom FAU (foreldra). Dette handlar både om driftinga av ordninga, men også om kosthald og gode vanar.* Dersom elevrådet ynskjer å føre denne saka vidare, må det gjerast i ein prosess der FAU på ny er involvert. Det vart ikkje teke noko avgjerd om dette i møtet.
- 7B: Ingen innspel til saker.

Neste elevrådsmøte er onsdag 4. oktober i 2. time. Det blir sendt ut eiga innkalling.

Beste helsing

Leander Halland Vonen
Referent

Nora Taule Leikanger
Elevrådsleiar 5-7

Hilde Sognnæs Strandos
Elevrådskontakt 5-7